

Også branntroppen har fått hjartestartar

09.03.2016



Kjell Tungesvik, Runar Myklebust, Gaute Moberg og Tor Øystein Myklebust med det nye utstyret

Frå før er det utplassert hjartestartarar på Aktivitetssenteret og Hagetunet, og frå torsdag er også brannstasjonen utstyrt med utstyr for slik akutt førstehjelp, opplyser brannmeister Kjell Tungesvik til uskedalen.no.



Alle dei 9 i branntroppen her i bygda har gjennomgått eit helgekurs i bruken av startaren. Kurset vart halde tidlegare i vinter i regi av Stiftelsen Norsk Luftambulans og med helsepersonell frå heile Vestlandet som instruktørar. Alle tilsette ved dei 8 brannstasjonane i kommunen har gjennomgått dette kurset.

- Vi vil no kunne rykka ut medan ein ventar på ambulansen, seier brannmeisteren. Med seg i troppen har han no Runar Myklebust, Gaute Moberg, Tor Øystein Myklebust, Anne Guri Kildal, Per Fausk, Tor Jarle Kjærland, Sindre Eidsvik og Kjell Erik Taranger.

- Vi har fått utstyret av Luftambulansen, og kommunen har løyva pengar til kurset, opplyser Tungesvik.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen